

# Instruks for tilsynsvakt i Aurlandshallen

## **A Rutinar ved ankomst og opning av hallen**

- 1 Lås opp vaktrom – tilsynsvakta skal ha base i vaktrommet
- 2 Ta på gul vest merka med "VAKT AURLANDSHALLEN", vest skal alltid vera på
- 3 Slå på lyset i idrettshallen frå panel i vaktrom (**under vindauge inn mot hall**). Lyset skal vera innstilt på **50%** under trening, **80 %** under konkurranse.
- 4 Lås opp dør inn til garderobegang og dei garderobane som skal brukast (sjå plan utanfor garderobe)

## **B Hovudoppgåver for tilsynsvakta**

- 1 Vera til hjelp og støtte for brukarane i hallen
- 2 Sjå til at brukarar og publikum føl oppsette reglar for bruk av hallen
- 3 Gå kontrollrunde etter at aktiviteten for kvelden er avslutta

### **B1 Hjelp og støtte for brukarane**

Tilsynsvakta skal vera til hjelp og støtte for brukarar og publikum i hallen. Vakta skal ha base i vaktrommet og inngangshallen, men skal gå rundar innom garderobeanlegget og hallen.

### **B2 Brot på reglar og uønska framferd**

Tilsynsvakta **pliktar**, på ein preventiv måte, å gje beskjed til personar som ikkje føl oppsette reglar for hallen. Personar som etter oppfordring held fram med uønska framferd, **skal visast vekk** frå Aurlandshallen. Namn og kort skildring av uønska episodar skal noterast på avviksskjema.

### **B3 Kontrollrunde etter avslutta aktivitet**

Når aktivitetane for dagen/kvelden er avslutta skal tilsynsvakta gå kontrollrunde etter følgjande sjekkliste:

<b>Sjekkliste etter avslutta aktivitetar</b>	
<b>Rom</b>	<b>Sjekkpunkt</b>
<b>Idrettshall</b>	Rydde på plass eventuelt utstyr som ligg att i idrettshallen
	Ta med attglyymde personlege effektar inn på vaktrom
	Kontrollere at portar til lager 1, 2 og 3 er lukka
	Kontrollere at port til sekretariatrom er lukka og låst
	Kontrollere at portane ut frå hallen er lukka og låst (3 stk.)
	Kontrollere at det ikkje er personar på tribuneanlegget
<b>Garderobeanlegg</b>	Kontrollere at det ikkje er personar i garderobane
	Rydde og ta med attglyymde effektar inn på vaktrom
	Låse garderobane i begge endar og dør inn til garderobegang
<b>Mellomgang 1. etasje</b>	Sjekke at dør inn til garderobeanlegget i AIS er låst
<b>Mellomgang 2. etasje</b>	Sjekke at dør inn til kafeteria i AIS er låst
<b>Tribuneanlegget</b>	Kontrollere at dør inn til tribuneanlegget er låst
<b>Toalettanlegget</b>	Kontrollere toalettanlegget i inngangshallen
<b>Inngangshall</b>	Rydde i inngangshallen
<b>Lys</b>	Slå av lyset i idrettshallen frå panel i vaktrommet
<b>Vaktprotokoll</b>	Signere på vaktprotokoll og setje rapportskjema inn i perm

### **Synlege skadar og hærverk**

- På kontrollrunde skal tilsynsvakta notera synlege skadar/hærverk på bygning, inventar og utstyr

### **Signering av kontrollskjema**

- Før avslutning av vakta skal kontrollskjema fyllast ut og signerast

## **C Rutinar ved avslutning**

- 1 Slå av lys i idrettshallen frå panel i vaktrom (under vindauge mot idrettshall)
- 2 Slå av lys i vaktrom og lås rommet
- 3 Slå av lys i trappegang og i inngangshall, inngangsdør stenger automatisk og treng ikkje låsast